

## **REGIONALT NÆRINGSFOND AURLAND-VIK-VOSS (RNF).**

### **Bakgrunn.**

I tildelingsbrevet viser HFK til at etablering av regionale næringsfond skal medverke til å løse ut verdiskapingspotensialet i regionane. Midlane skal medverka til å realisera fylkeskommunale mål for utvikling, særleg innan kompetanseheving, omstilling, nyetablering, innovasjon og nyskaping i næringslivet og tilrettelegga for dette.

Dei regionale retningslinene, som Aurland-Vik-Voss skal tildela etter, bør utdjupa føringane frå fylkes- og nasjonalt nivå og halda seg innan nasjonalt og internasjonalt regelverk.

### **Absolutte vilkår:**

- A. Midlane kan ikkje nyttast til finansiering av investering og ordinær drift av fylkeskommunal eller kommunal tenesteproduksjon eller verksemd.
- B. Fysiske investeringar som tildømes vegbygging, generell energiutbygging og offentlege bygg skal ikkje finansierast over posten.

### **Prinsipp for tildelinga:**

1. Regionale næringsfond skal brukast i tråd med RUP Regionalt Utviklingsprogram (Fylkeskommunalt program).
2. Regionale næringsfond skal vidare brukast i tråd med samarbeidsrådet sine vedtekter pkt. 2.:stimulering og samordning for å styrke å utvikle næringslivet i regionen med hovudvekt på landbruk, reiseliv samt kultursamarbeid.
3. Kostnader til administrasjon av fondet kan belastast fondet etter avtale med fylkeskommunen.

### **Organisering:**

- I. Samarbeidsrådet Aurland-Vik-Voss er styre for det regionale næringsfond. Rådmann i Voss kommune, eller ein person han oppnemner vil vera sakshandsamar for fondet.
- II. Det er ynskjeleg at forvaltninga av fondet vert sett i samanheng med andre næringsretta virkemiddel.

### **Rapportering med meir:**

Årleg rapportering med revisorgodkjent rekneskap gjennom IHR kommunale revisjon. Fylkeskommunen og Riksrevisjonen skal kunna kontrollera at fondet vert forvalta etter retningsliner og føresetnader.

Tilskot vert utbetalt i to terminar med halvparten i kvar. Tilsegna kan trekkjast tilbake dersom vilkåra ikkje vert fylgt.

Profilering av Hordaland Fylkeskommune skal vera med i kvart tilsegnsbrev, i medieomtale, internett og andre presentasjonar av ordninga med eventuelle kopiar til Fylkeskommunen.

## RNF-fondet sine retningslinjer.

### Mål.

RNF skal medvirke til å løysa ut verdiskapingspotensialet i Aurland-Vik-Voss regionen ved å leggja til rette for og gi støtte til næringsutvikling og etablerartiltak i regionen med hovudvekt på landbruk, reiseliv samt kultursamarbeid.

### Strategiar.

1. Nyskaping.  
Nye arbeidsplassar i tradisjonelle og utradisjonelle næringer basert på naturgjevne og menneskelege ressursar er hovudmålsetjinga for RNF.
2. Kompetanse.  
Leggja til rette for tilflytting av kompetansesarbeidsplassar. Fokus på fagutdanning samt etter- og vidareutdanning.
3. Internasjonalisering.  
Gjennom å nytta nettverket i landbruk, kultur og reiseliv, samt aktiv kontakt med nasjonalt og internasjonalt virkemiddelapparat, skal næringer og kommunar i Aurland-Vik-Voss vera aktive internasjonale aktørar.
4. Næringsvennleg offentleg sektor.  
Gjennom samarbeid og fellestiltak skal etablerarar og etablert næringsliv lett og raskt få hjelp og svar frå offentleg forvaltning og tenesteyting.

### Sakshandsaming.

- Styre i samarbeidsrådet Aurland-Vik-Voss er samansett av 6 medlemmer; ordførar og ein næringslivsrepresentant frå kvar kommune.
- Sekretær for samarbeidsrådet er ansvarleg for sakshandsaminga. Inntil 10 % av RNF kan årleg nyttast til administrasjon.
- Tildeling frå RNF vert gjort ei gong i året med søknadsfrist 1. september.
- Tilsegn om fondsmidlar frå RNF skal normalt trekkjast inn etter 2 år frå tilsegnsdato, dersom dei ikkje er utbetalte.
- Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadane i søknaden.
- Klagehandsaming skjer i klageorgan til Voss kommune.

### Forvaltningsprinsipp.

- RNF kan nyttast til støtte til prosjekt i regi av kommunar og kommunale verksemdar. RNF kan ikkje nyttast til drift eller investering for kommunar eller kommunale verksemdar.
- RNF kan nyttast til etablerarstøtte, prosjektstøtte, forstudie og utgreiingar i einskildverksemdar, men ikkje til investering i bygg/faste installasjonar eller drift. RNF skal forvaltast i best mogleg koordinering med kommunale næringsstøtteordningar. Av omsyn til samordning, må det i søknaden koma fram kva finansieringskjelder som vert omsøkte.
- Tilsegn frå RNF vert utbetalt med 50 % av summen ved oppstart av omsøkte tiltak og 50 % når det er levert revidert rekneskap som viser bruken av midlane.
- Ved vurdering av tilsegn RNF skal ein leggja vekt på realismen for gjennomføring.